



Flyfotografering frå 2018 med motiv frå Neset i Uskedalen.

Vi høyrer ofte om dronebilete, men tradisjonell flyfotografering er framleis i bruk. Kim Johnsen driv Bergen Flyfoto. Han var sist i Uskedalen våren 2018 og fotograferte mellom anna landskapet på Neset mot Beinavikjo. Johnsen har drive eige firma sidan tidleg på 1990 talet. Våren og hausten med sterke fargar er den beste tida for fotografering.

Sivil flyfotografering i Kvinnherad går tilbake til 1950 talet med motiv frå gardsbruk, tun og bygder, ofte kolorerte fotografi i stort format innramma på stoveveggene. Tidleg på 1960 talet kom ein ny runde med fotografering i Uskedalen. Dei meste kjende flyfotoselskapa var Telemarkfly, Norrønafly AS, Fjellanger og Widerøe Flyveselskap.

Gullalderen for flyfotografering var frå midten av 1960 åra og gjennom heile 1970 talet. Seinare har det vore meir sporadisk fotografering.



Bileta er innramma og klar for sal.

Flybileta dokumenterer natur- og kulturlandskap, bygningsmiljø og ikkje minst dei omfattande endringane i overgangen til maskinjordbruk og med utbygginga av tettstader.

Kim Johnsen, med fast ferieplass i Jondal, er ofte i Kvinnherad. Han kjenner bygdene godt, har med eigen pilot og sjølv heng han ut eit vindauga på flyet og tek bilete med handhalde utstyr. Bevegelsen i flyet gjer at han brukar ei rask lukking på obektivet. Han vil helst ta motiv med sola i ryggen utan å få med skuggar.

Kim Johnsen fortel til Uskedalen.no at det treng ikkje vera førehandstinga bilete. Av mange motiv rammar han inn dei beste og driv dørsal. Det fungerer godt og kjøparane er nøgde med kvaliteten og prisen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Flyfotografering fra tidleg 1960 tal med motiv frå bruk 3 og 4 på Eik. Motiva er perfekt dokumentasjon om kultur- og naturlandskapet, tun, vegar og bygningar.